



Sunnfjord  
kommune

# Vurdering av strukturtiltak

Tiltak F – Slå saman Holsen og Viksdalen skular



# Innhald

Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling .....	3
Kapasitet .....	4
<b>Konsekvensar .....</b>	<b>5</b>
Økonomisk effekt.....	5
Konsekvensar for elevane .....	6
Fagmiljø og læringsutbytte.....	6
Klassestorleik og læringsmiljø.....	6
Elevmiljø og trivsel .....	6
Fellesaktivitetar og identitet.....	7
Lang reiseveg.....	7
Konsekvensar for tilsette .....	8
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	8
Andre konsekvensar .....	8
<b>Effekt- og konsekvensmatrise .....</b>	<b>8</b>
<b>Konklusjon .....</b>	<b>9</b>

## Tiltak F – Slå saman Holsen og Viksdalen skular

Dette tiltaket er greidd ut for å belyse ei mogleg løysing som sikrar grunnskule i områda Viksdalen og Holsen, sjølv om elevtalet i området går ned.

Denne utgreiinga er til dels i strid med prinsippa om å bevare desentraliserte barneskular. Dersom elevgrunnlaget blir så lågt at det ikkje er forsvarleg med skuledrift må det likevel greiast ut løysingar som gjer til at dei yngste elevane har ei akseptabel reisetid til sin grunnskule.

Tiltaket har to alternativ:

1. Flytte elevar frå Haukedalen til Viksdalen og flytte elevar på Holsen til Sunde.
2. Flytte elevar ved Viksdalen skule til Holsen og nye Førde Ungdomsskule

Start | Haust 2026


### Beskriving av tiltak

#### Geografi og elevtalsutvikling

Holsen skule sine prognosar er dramatiske. I kunnskapsgrunnlaget som tidlegare er utarbeidd vil elevtalet gå ned til 0 elevar hausten 2038. Om ein ser på folkeregisteret går elevtalsutviklinga på Holsen frå 39 til 24 elevar frå inneverande skuleår til hausten 2029. Dette talet avviker noko frå faktisk elevtal då det er elevar frå andre skulekrinsar som har dispensasjon til å gå på Holsen skule.

Viksdalen skule har også ei negativ utvikling i si framskriving og vil stabilisere seg på rett over 20 elevar. Med utgangspunkt i folkeregistrerte elevar vil utviklinga frå dagens elevtal til hausten 2029 vere 34 til 25.


Elevtalsutviklinga ser slik ut:




## Kapasitet

Både Holsen og Viksdalen skular har god kapasitet til å ta i vare det samla elevtalet om ein flyttar barnesteget til den eine eller andre skulen.

Med alternativ 1, der elevar i Haukedalen vert flytta til Viksdalen, og elevane på Holsen til Sunde, ser elevtalsutviklinga på skulane slik ut:



For alternativ 2, der elevar frå Viksdalen vert flytta til Holsen og nye Førde ungdomsskule, ser utviklinga slik ut:



Det kan òg vurderast å sende ungdomsskuleelevane i Viksdalen til Sande skule, for å redusere reisevegen for elevane. Det vil vere kapasitet til å ta i mot elevane på Sande skule.

## Konsekvensar

### Økonomisk effekt

Vi får ikkje effekt av dette tiltaket før siste halvdel av 2026, altså full effekt i 2027. Vi ser for oss følgande effektar:

- Reduksjon i leiingsressurs
- Effektivisering av drift (stordriftsfordelar)
  - Reduksjon i andre kommunale årsverk (Merkantil, bibliotekar osv.)
  - Meir effektiv avvikling av valfag og språkfag
- Reduksjon i tal kommunale bygg dersom ein flyttar barnehagen og biblioteket i Viksdalen inn i skulebygget.
- Investeringsbehov for å tilpasse skulebygg.

#### Alternativ 1

	Budsjettår		Økonomiplanperiode			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Teneste 202	0	0	342	951	1 227	1 357
Bygg Holsen	0	0	406	974	974	974
Tilskot pr. grunnskule*	0	0	-563	-563	-563	-563
Skuleskyss 1*9000			-4	-9	-9	-9
<b>Sum</b>			<b>181</b>	<b>1 353</b>	<b>1 629</b>	<b>1 759</b>

I dag har 32 av 39 elevar på Holsen skule rett på skuleskyss. Ved gjennomføring av alternativ 1 vil alle elevar ha denne retten. Hausten 29 er det 33 elevar på Holsen skule. Vi vil derfor maksimalt ha ein elev med rett til skuleskyss i auke frå dagens nivå.

## Alternativ 2

	Budsjetår		Økonomiplanperiode			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Teneste 202	0	0	1 542	3 700	3 698	3 702
Bygg Holsen	0	0	664	1 594	1 594	1 594
Tilskot pr. grunnskule*	0	0	-563	-563	-563	-563
Skuleskyss 8*9000			-30	72	72	72
Sum			1 613	4 658	4 657	4 660

\* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

25 av dagens 34 elevar på Viksdalen skule har i dag rett på skuleskyss. Alternativ to vil bety at alle elevar vil få skyss. Hausten 2026 er det 32 elevar. Det betyr at vi kan vente oss ei auke på om lag 8 elevar som vil få rett på skyss. Dette utgjør 72 000kr årleg. Det må leggst til at det er fleire elevar på Viksdalen som har skyss grunna kommunalt vedtak om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Dette er skyss som kommunen kostar fullt ut. Ved gjennomføring av dette tiltaket vil denne skyssen bli endra til fylkeskommunal skyss, då det er avstand og ikkje farleg skuleveg som er utslaget. Dette vil redusere kostnadane vi har på skuleskyss.

## Konsekvensar for elevane

### Fagmiljø og læringsutbytte

Tiltaket er greia ut med intensjon om å sikre eit tilbod i området, når elevtalet vert redusert til under kritisk nivå. På denne måten kan vi bygge ein robust skule som kan stå seg i fleire år, heller enn to skular med usikker framtid. Vi kan dermed sikre at dei minste elevane ikkje får lengre skuleveg enn forsvarleg, og dermed ikkje får utforda sine føresetnader for eit godt læringsutbytte og livskvalitet.

### Klassestorleik og læringsmiljø

Eit større skulemiljø gir moglegheit for fleksible læringsgrupper som styrkar tilpassa opplæring.

### Elevmiljø og trivsel

Eit større elevtal gir meir variasjon i det sosiale miljøet, med fleire moglegheiter til å danne vennskap og styrke den sosiale dynamikken på skulen. Vi har erfaring med at

for små miljø kan vere svært problematisk for elevar som ikkje finn sin plass i fellesskapet. Ved å samle barna bidreg vi til eit litt større miljø, der elevane kan finne vener med liknande interesser og oppleve sterkare tilhøyrse.

## Fellesaktivitetar og identitet

Samling av elevar og ressursar i ein større skule kan styrke fellesskapskjensla.

## Lang reiseveg

Ved gjennomføring av alternativ 2 må kommunen nøye vurdere kva som er forsvarleg lengde på skulevegen for elevar på ungdomssteget. I denne vurderinga må vi vurdere forhold ved eleven, lengda på transporten og dei trafikale forholda som er gjeldande (busstopp, byte av buss osv.)

Det er ikkje definert maksimal reisetid i lovverket. Vestland fylkeskommune ved Skysstetter strever å organisere ei samla reisetid på 75 minutt for ein elev på ungdomssteget.

Generelt blir ein dagleg skuleveg vurdert som akseptabelt dersom den gir elevane ein rimeleg reisetid utan at det går ut over kvile, fritid eller moglegheita til å delta i aktivitetar etter skuletid.

For enkelte elevar som i dag soknar til Viksdalen skule kan likevel reiseavstanden auke betydeleg. Elevane lengst vekke vil få ein skuleveg på 53,8 km kvar veg. Sjå utgreiing om dette i tiltak B.

Dette utgjør ein svært lang reisetid kvar dag for elevane som bur lengst vekke, noko som kan vere krevjande både fysisk og psykisk for ein ungdomsskuleelev.

Samstundes må denne lange skulevegen vegast opp mot ulempene ved å gå på ein skule med svært få elevar, noko som kan vere ugunstig både fagleg og sosialt. Ein liten skule kan ikkje tilby eit breitt fagmiljø eller eit variert sosialt fellesskap, noko som kan påverke både læringsutbytte og trivsel. For elevane si totale læringsoppleving vurderer kommunen derfor at tilgangen til eit større skulemiljø kan vege opp for ulempene ved ein lengre skuleveg.

Som alternativ for ungdomskuleelevane i Viksdalen kan det vurderast å flytte ungdomssteget til Sande skule. Dette har vore tema i tidlegare prosessar, og det har vore uro knytt til å bruke vegen mellom Sande og Viksdalen som skuleveg. I dialog med vegeigar Vestland Fylkeskommune er det opplyst om at det er utført arbeid på vegstrekka dei siste to åra. Mellom anna er det opparbeidd ein rasvoll. I tillegg er det planlagt nokre mindre tiltak med bolting. Tiltaka reduserer risiko for ras, men vegen vil framleis vere utsett for rasfare.

Strekninga mellom Viksdalen og Sande skular er 24 km. For eleven lengst oppe på Mjøll er avstanden 32 km. Rutebuss, med 10 min ventetid på Eldalsosen, brukar 1 time og 6 minutt (frå busstoppet *Hoffslåttene indre*).

## Konsekvensar for tilsette

- Ein større arbeidsplass med fleire kollegaer, som vil vere ei endring både sosialt og fagleg.
- Samanslåing kan skape eit større og meir variert fagmiljø for lærarar. Dette kan føre til eit rikare samarbeid, og styrking av profesjonsfellesskapet og utvikle pedagogisk kompetanse.

## Konsekvensar for lokalsamfunnet

- For lokalsamfunna vil det ha stor betydning om det er eit skuletilbod eller ikkje i området, både med tanke på trivsel og bumiljø.
- Det blir mindre aktuelt for barnefamiliar å busetje seg i eit område som ikkje har grunnskule i nærmiljøet.
- Det kan også tenkast å påverke tilflyttinga positivt då enkelte familiar ikkje ynskjer at barna skal gå på *for små* skular.

## Andre konsekvensar

- Ei samanslåing vil føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse. Dette vil redusere driftskostnader og gjere det lettare å investere i undervisningsmateriell og teknologi.

## Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	



Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
2	3	6

**Vurdering:** Tiltaket er vurdert som gult

## Konklusjon

Tiltak F, som foreslår å slå saman Holsen og Viksdalen skular, vurderer å etablere eit meir robust skulemiljø ved å samle elevane frå desse krinsane til ein felles skule. Med fallande elevtal i begge områda sikrar samanslåinga at elevane får eit større fagmiljø og fleire sosiale relasjonar, noko som kan gi betre læringsmiljø og auka trivsel. Samlinga av elevane kan styrke tilhøyrsla og fellesskapet blant elevane, i tillegg til at lærarane vil få eit større profesjonsfellesskap med betre moglegheiter for samarbeid og fagleg utvikling.

Samstundes medfører tiltaket utfordringar, særleg knytt til skuleskyss og lang reiseveg for enkelte elevar, noko som kan vere fysisk og psykisk krevjande, spesielt for dei yngste. For lokalsamfunnet i Holsen og Viksdalen vil nedlegginga av ein lokal skule kunne påverke attraktiviteten til området for barnefamiljar, og føre til mindre aktivitet i bygdene. Tiltaket har potensial til å redusere driftskostnader og gjere ressursbruken meir effektiv, men dei praktiske og sosiale konsekvensane for elevar og lokalmiljø må vurderast nøye.